

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord

Emne: Brynet.

Bygdelag: Storberja

Oppskr. av: Ivar Strompdal

Gard: Strompdal

(adresse): Kump. Kojåin

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter far, døydd i fjor 97 år.

## SVAR

1. Det gamle namnet var bryne  
s. d. ljåbryne. No mest bruka  
kein: ljåkein og knivkein.
2. Det vert bruka mest bryner  
av naturstein. Det vart oftast  
nemnd med namnet Beiarbryner,  
eg må då tru dei kom frå  
Beiaren i Nordland. Eg har  
og høyrk naverkein, men kan  
ikkje gje nøyare greie om det.
3. Alle redskapane så nær som  
barberkniven vert slipt på  
rund slin. Barberkniven vert  
keina på barberkeina og sidan  
strote på strykkeim.
4. Eg vit ikkje nokk a' s'ia  
om det.
5. Kjenner ikkje til at slike  
slinor har vori brukt.
6. Ein brukar ljåen så luge  
til han vert utvass. Men ein  
skulle ikkje lugja ljåen frå  
seg og ta han att sidan, så var

det beste å ta han med seg og slipa han. Ein måtte heller ikkje hengja ljæm bort med heinsvorta på, då kunne trolla ta han.

7. Veit ikkje om andre bryner ein dei av stein.

8. I Vêlfjord hek dei ljæm or orvet når dei skal slipa, men i Vêfse gjer dei det ikkje. Det er nok fastgreiene dette kjem av. Dei held i alle høve eggen imot seg når dei sliper.

9. Far min lærde meg å bryna såleis: Først skulle ein halda i orvet med vinstre handa og med høgre bryna vekselvis på kvar side av ljæm. Så flytta ein vinstre handa på ljæm og lyfta tommeu og dei andre fingrane vekselvis frametter ljæm, så ein fylgde med etter kvart ein brynte.

10. Var kopperen brynt låg i gjort av tre vart det kalla strump, men ein kunne og ha ein skire av ler, då hitte han heinskire. Ein bløyte med vatn.

11. Strumpen eller skiren hekkast på i bellet.

12. Om dette veit eg ikkje noko.

13. Sjå sist i 10.

14. Sauden av brynt vart kalla heinsvorta.

15-20. Om dette siste veit eg  
ikkje meir a' seia enn eg har  
hoyrt om ei kone som skulle skje-  
ra åkeren, at ho malte opp og  
sette stikker til merke mellom  
stykkka i åkeren. Så sette ho  
seg på åkerreina, tok sigden og  
gav seg til a' bryne, alt mud  
ho sa: "Skjer og litt i frå stikk  
og til stikk, skjer og litt i frå  
stikk og til stikk." Sålis  
fekk ho åkeren skoren.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

759